



Etter innsamlinga av refleksbrikkar i Uskedalen vart dette biletet teke av alle brikkane!

Torsdag var den nasjonale refleksdagen og jakta på refleksbrikkar i Uskedalen-heimane ga 468 brikkar som resultat. Det var 4. og 5. klasse som deltok i innsamlinga og medan 12 elevar i 4. klasse kom til skulen med 297 brikkar, kom 16 femteklassingar opp i 171 brikkar.

Av femteklassingane hadde Kari Bråtun 30 brikkar og gjekk til topps i elev-konkurransen, medan Victoria A. Eik toppa lista til fjerdeklassingane med 69 brikkar.

Det blir delt ut pengepremiar for kvart fylke: Premien er 2.500 kroner til den skulen som har flest brikkar medan premiane for beste klasse og beste elev er 2.000 og 1.000 kroner.

Aksjonen er i regi av Trygg Trafikk, men det var faktisk ein liten skule i Nordland som kom med denne gode ideen. Den heiter Bjørn Montessoriskole og ligg i Dønna.

Bakgrunnen for initiativet til nordlendingane var at elevane i det daglege går og sykklar på dei mest trafikerte vegane på Dønna utan at det er gang- og sykkelsti. Lærarane ville gjera elevane bevisste på at refleks kan redde liv og oppmoda heimane til å hengja refleks på alle plagg. No har denne appellen vorte landsomfattande.

Dønna-skulen sette ut i livet dette prosjektet i fjor haust og hadde fleire aktivitetar samstundes som dei sende inn framlegget til Trygg Trafikk om ein nasjonal refleksdag. Den skal kvart år avviklast den første torsdagen i veke 45.

Dønna-skulen har vunne 50.000 kroner i ein konkurranse om trafikksikkerheit og er tildelt 20.000 frå trafikksikkerheitsutvalet i Nordland.

- Det er heilt utruleg at den vetle skulen vår har gjort dette, seier lærarar og elevar.

Så det er håp for nokon kvar, berre ein er kreativ.

Av Ola Matti Mathisen